



Humlepungane sørger sjølve for musikken men her har dei hjelp av Egil Våge

Ikveld vart resultatet av Kvinnheradmeisterskapet i ølbrygging gjort kjende under den tradisjonelle oppskoka i Dønhaugkjedlaren og den kvinnelege juryen gav uttrykk for at dei var svært imponerte over nivået. - Det er levert inn fantastisk mykje godt drikke, sa Clara Hveem som hadde selskap i juryen av Beate Hannisdal og Una Kolle. Dei smaka på øl i 3 timar før dei rangerte dei 30 ølprøvane som 14 lag hadde levert. Einskilde av fjorårsdeltakarane var borte, men til gjengjeld var det fleire nye.



Tor Bringedal (til høgre) kåserte og Vidar Haugland leia programmet

I juleølklassa som er den mest interessante no om dagen var det ein gamal kjenning frå denne dysten som gjekk til topps. Det var Podlen Bryggjarlag frå Sunde ved Morten Vatterdal og Karl Petter Vårdal, Heiderleg omtale her fekk Nanobryggeriet og Under Echen.

I klassa for vanleg øl toppa Høgrehandsbryggeriet medan den gamle kjenning Avkrokjen og Mimes Brygg fekk heiderleg omtale her.



Dei beste i dei 2 klassane med juryen foran. Frå venstre står Karl Petter Vårdal, Morten Vatterdal, Harald Rørvik, Gaute Vaage, Stian Hansen Bøe og Svein Myklebust. Juryen er (frå venstre) Beate Hannisdal, Una Kolle og Clara Hveem.

Det var Kvinnheringen ved journalist Aasmund Taarn Sande som for femte gongen arrangerte dette populære meisterskapet som mange håpar vil halda fram sjølv om bladfyken no vert pensjonist.

Humlepungen Bryggjarlag lagar ramma rundt og også i år var den prega av høg standard i form av ord og tonar. Det galdt ikkje minst kåseriet til historikar Tor Bringedal som innrømte at han har gløymt noko viktig i den ellers så mektige boka si - alkoholpolitikken! No gjorde han eit heiderleg forsøk på å kompensere den mangelen, men det er neppe grunn til å tru på historia han slutta med - om presten som vart rodd til Skorpo.

Jimmy Øvredal skulle ha vore der men i hans gebusdagsfråver las Kjell Yri nokre av dei hikstande gode stubbane hans,

Heller ikkje i år hevda Humlepungen seg i sjølve meisterskapet, men det var heller ikkje hensikten. Det er like viktig å halda nivået høgt på sjølve arrangementet og positivt nok var dei to partnarane fulle av gjensidig ros.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen